

MobiFORSK Hordaland 2017-2019

Mobilisering til forskningsbasert innovasjon i næringslivet i Hordaland

Hordaland har eit variert og dynamisk næringsliv. Fylket har tre store forskings- og utdanningsinstitusjonar (Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøgskole og Universitetet i Bergen) og fleire forskingsinstitutt. Det meste ligg til rette for eit tett samarbeid mellom næringsliv og forskingsinstitusjonar. Likevel ser vi at det kan vera meir å henta for næringslivet gjennom styrka samarbeid med forskingsmiljøa lokalt og nasjonalt.

MobiFORSK hovudmål

Mobilisere til auka forskning og innovasjon i næringslivet i Hordaland for å bidra til berekraftig verdiskaping og «grøn» omstilling.

Delmål for MobiFORSK Hordaland

- Auka forskingsinnsatsen i bedrifter med liten forskingserfaring og/eller bedrifter med stor grad av erfaringsbasert innovasjon; gjerne i samarbeid med bedrifter med meir forskingserfaring
- Mobilisera bedriftene til å ta i bruk ulike regionale, nasjonale og internasjonale verkemiddel og støtteordningar som forprosjekt og hovudprosjekt i RFF Vestlandet, SkatteFUNN, næringsPhD og Horizon 2020. Bidra til høg kvalitet på prosjektsøknadene.

Prioriterte tema:

Berekraftig vekst innanfor bioøkonomien (BIO)

Dette temaet inneheld berekraftig matproduksjon og anna utnytting av biologiske ressursar.

Teknologiutvikling gjennom bransjekryssande koplingar (TEK)

Dette temaet skal bidra til at eksisterande teknologi og kompetanse i regionen vert nytta på nye måtar.



Kompetansemekling

Kompetansemekling er ein viktig del av MobiFORSK Hordaland. Christian Michelsen Research (CMR) har ansvaret for kompetansemekling innan Teknologitutvikling gjennom bransjekryssande koplingar (TEK) saman med Høgskulen på Vestlandet.

Kompetansemeklarane kan bidra med:

- diskutera prosjekt-idear og moglegheiter med bedrifter og nettverk i fylket
- vera sparringspartner for å spissa og strukturera problemstillinga(ne)
- vera vegvisar i jungelen av verkemiddel og støtteordningar
- bidra til målretta samarbeid mellom forskning og næringsliv

Kort om kompetansemeklarane hos Christian Michelsen Research



Kristin Guldbrandsen Frøysa tok doktorgrad i anvend matematikk ved UiB i 1995. Ho har vore forskar på UiB og på Havforskningsinstituttet, og ho har jobba med marknadsføring og som leiar i privat sektor. Ho leia forskingssenteret Norwegian Centre for Offshore Wind Energy (Norcowe) i 7 ½ år frå januar 2010. Ei hovudoppgåve som senterleiar var å styrka samarbeidet mellom forskning og industri og syta for at forskinga bidrog til verdiskaping i næringslivet! Ho har eit breitt kontaktnett i næringsliv og forskning. Spesialområde: Fornybar energi, maritim og marin næring

[LinkedIn](#)
kristin@cmr.no
Mob 480 22 045



Stian Anfinsen er cand. scient. i informatikk frå UiB i 1997. Han er avdelingsleiar for fornybar energi ved CMR, og har sidan 2007 hatt ulike leiarroller ved CMR. Han brei erfaring i grenselandet mellom anvend forskning og industriell bruk, spesielt knytta til prosjektutvikling, søknadsskriving. Han har også fleire gongar vore rådgjevar i skattefunnsøknader. Han har et breitt nettverk innan fornybar energi og maritim transport og er CMRs representant i Bergen Næringsråds fornybargruppe. Spesialområde: Fornybar energi, IKT og maritim transport

[LinkedIn](#)
stian@cmr.no
Mob 915 68 981

Alle foto: Marit Hommedal